

FOLK FOR FJELLA

KOMMUNAL- OG DISTRIKTSDEPARTEMENTET,

OLJE- ENERGIDEPARTEMENTET.

FOLK FOR FJELLA SINE MERKNADER TIL «FORSLAG FRA KOMMUNAL- OG DISTRIKTSDEPARTEMENTET OG OLJE- OG ENERGIDEPARTEMENTET TIL ENDRINGER I ENERGILOVEN OG PLAN- OG BYGNINGSLOVEN KNYTTET TIL VINDKRAFT PÅ LAND».

**Bakgrunn:**

Først no - to år etter Stortinget vedtok St. nr 28 (2019-20) – føl dei to departementa opp Stortinget sitt vedtak med å fremja framlegg til endringar i energilova og plan- og bygningslova.

På tross av at departementa trong to år på utarbeida framlegg til lovendringar på deler av Stortinget sitt vedtak, har berre gjeve seks veker på å gje uttale til framlegget. Dette medfører at dei fleste kommunar som ønskte politisk handsaming av framlegget, berre hadde halvannen veke på seg til å laga saksframlegg. Dette er sterkt kritikkverdig av Regjeringa.

Bakgrunnen for framlegget er energi- og miljøkomiteen si innstilling til Stortinget dagsett 24.11.20.

**Hovudkonklusjonar:**

1. Hovudintrykket er at regjeringa obstruerer intensjonen i vedtaket til Stortinget. Vedtaket i Stortinget var enkelt: «innlemme planlegging og bygging av vindkraftverk i plan- og bygningsloven». Ingen unntak eller særreglar for vindkraft. I kvar av dei 17 kapitla føreslår regjeringa unntaksreglar eller særreglar for vindkraft med det føremål å styrka NVE (OED) sin makt på bekostning av kommunane si makt og mynde.
2. Regjeringa svarar ikkje på Stortinget si «anmodning».
3. Viktige punkt i Stortinget sitt vedtak er ikkje med i framlegget. Det er ikkje gjeve forklaring på kvifor, vil det verta fremja i ettertid og kva eventuelle føringar dette framlegget kan få for prosessen med dei punkt som manglar.
4. Framlegget føl ikkje intensjonen i føremålsparagrafen i Plan- og bygningslova. I framlegget er det stort sett «utbyggjar» sine interesser det vert vist til som incitament for framlegg til endringar.

5. Stortinget sitt vedtak (punkt III) lyder enkelt og utan noko unnatak: «*Stortinget ber regjeringa komme tilbake til Stortinget med et forslag om å innlemme planlegging og bygging av vindkraftanlegg i plan- og bygningsloven.*» Framlegget som no kjem frå departementa – på vegne av regjeringa – har særleg mange unnatak for vindkraft i høve alle andre arealføremål regulert gjennom plan- og bygningslova. I tillegg er ikkje prosess og lovverk knytt til «bygging» følgt opp og framlegget. Det er ikkje akseptabelt.
6. Kommunane som planmynde er føreslege kun å ta avgjerd i høve yttergrenser av eit eventuelt område der ein opnar for vindindustri. Alt som til vanleg vert regulert i ein detaljplan (reguleringsplan) skal framleis liggja til NVE gjennom konsesjonsprosessen. Dvs. detaljplan og MTA-plan. Kommunen vil m.a.o. ikkje ha vedtaksmynde i høve «plassering av internvegar, turbinplassering, tal og dimensjonar på turbinar. (Dette omtalar framlegget som: «andre detaljar er ikkje å anse som overordnede arealmessige forutsetningar...»). Folk For Fjella krev at kommunen som planmynde sjølv sagt skal ha avgjerd også ned på eit slikt detaljnivå – til liks med alle andre arealbruksføremål i plan- og bygningslova. Noko som må seiast å vere intensjon i Stortingets sin bestilling til Regjeringa, når dei spesifikt nemner bygging. Regjeringa har kunn endra første steg i planlegginga av vindkraft og set kommunane til side i korleis arealet dei har satt av vert brukt og utforma.
7. Folk For Fjella vil peika på at eit viktig argument for å få arealforvaltning av vindindustri attende til plan- og bygningslova var/er « å gje kommunane (plan)mynde til å seia NEI til å opna for vindkraft i den einskilde kommune.»
8. Folk For Fjella understrekar at føremålet med Stortinget sitt vedtak var både å sikra betre prosessar der ein kommune eventuelt vil seia ja til vindindustri - men kanskje viktigast å gje kommunen som planmynde ein formell reiskap til å kunne stogga planar for vindindustri i eigen kommune.
9. Folk For Fjella er oppteken av at om ein kommune vil setja av areal, så skal kommunen ha føringa og avgjerslemynde heilt inn til godkjent bygging. Ikkje bere på nivå til områdeplan som ikkje omfattar fullt ut detaljnivået som ei detaljregulering gir.
10. Folk For Fjella meiner at før konsesjon vert gitt av energimynde må alle steg i PBL (kunnskaps innhenting, medverknad, høyring ..... ) vera gjennomført i kommunen med eit positivt sluttvedtak på reguleringsplan nivå.
11. Dette er vanskeleg å oppfatta punkta under 6.2 (i høve regional plan) på annan måte enn at Regjeringa ønskjer å kunne tvinga vindkraft på kommunane gjennom å få NVE og fylkeskommunen til å samarbeida om å vedta regionale planar for vindkraft.
12. Folk For Fjella krev at det i endeleg endringsvedtak vert tydeleggjort at det er heimel for ein kommune å kunne avvise oppstart av arbeid med områdeplan (også med føremål vindkraft) ved å visa til planstatus for det aktuelle området i arealdelen til kommuneplanen.
13. Folk For Fjella vil sterkt rå frå å innføra ein annan praksis for handsaming av motsegn og klager i knytt til arealføremål vindkraft – enn det som gjeld for alle andre arealkategoriar. Folk For Fjella frykter at motivet for denne endringa er å ha kontroll på departementsnivå -

slik at avgjerder i hovudsak vil gå til føremon for utbyggingsinteressene. Dette er ein gjennomgangstone i heile høyringsdokumentet. (t.d. avsnitt 3 på side 38 i høyringsdokumentet).

14. I kapittel seks (siste avsnitt) inviterer regjeringa høyringsinstansane til spesifikt å svar på om NVE bør verta gjeve eit utvida ansvar knytt til handsaming av planprogram og konsekvensutgreiingar for områderegulering etter plan- og bygningslova.

Folk For Fjella er tydeleg på at slik utvida ansvar IKKJE må verta gjeve til NVE. Tilliten og omdømme til NVE er sær svekka etter det mange oppfattar som sær utbyggjarvenleg sakshandsaming og avgjerder fram til 2021.

15. Folk For Fjella minner om Stortinget sitt oppdrag:

«Stortinget ber regjeringen fremme forslag om å innlemme planlegging og bygging av vindkraftverk i plan-og bygningsloven»

Kapittel 7 framstår som ein samanhengande freistnad på "undergrave ei reell overføring av mynde og makt frå NVE (OED) til kommunestyra som planmynde.

Det framstår også som ein samanhengande misstillitsytring til kommunane som planmynde.

16. Folk For Fjella meiner plan- og bygningslova må vera konsekvent og ha einsarta sakshandsaming for alle arealføremål.

17. Statleg plan er ein del av plan- og bygningslova sine verkemiddel. Dette er eit grep regjeringa ikkje bør vurderer brukt med bakgrunn i tillitskrisa som har oppstått mellom folk og forvaltninga (NVE /OED)

18. Som gjort greie for under kapittel 7 – meiner Folk For Fjella at Statsforvaltaren skal vera rette instans for å handsama motsegn/klager knytt til områderegulering til vindkraft. Dette vil vera i samsvar med alle andre arealføremål etter pbl.

19. § 3-7 – ordet samråd vert bytta ut med «etter avtale» eller «etter delegert mynde frå» kommunen.

20. § 12-18 – «Folk For Fjella krev at dersom det skal verta lagt avgrensingar på kommunen sin rett til å endra plan, må det avgrensast til å gjelda frå det tidspunktet konsesjon er gjeve og fram til første utbyggingsfrist - – og ikkje alt frå starttidspunkt for ein konsesjonssøknad slik regjeringa legg opp til.

21. Alle avklaringar etter plan- og bygningslova må det vera kommunen som tek stilling til. Dei samfunnsmessige vurderingane bør vera kopla til planavklaringa og ikkje til NVE si handsaming av konsesjonen. Kommunane bør avgjera detaljregulering. Konsesjonshandsaming bør vera avgrensa til energifaglege spørsmål som til dømes vilkår for produksjon, overføring av elektrisk kraft og tilsyn med anlegga»

Folk For Fjella sine merknader til framlegget – punkt for punkt:

### **Kapittel 1:**

Det er oppsiktsvekkande at det alt i kapittel 1.1 vert gjort klart at framlegget berre svarar på deler av Stortinget sitt vedtak (anmodning). «... *følge opp Stortingets anmodningsvedtak der regjeringen bes om å fremme et forslag om å innlemme planlegging og bygging av vindkraftanlegg i plan- og bygningsloven. Øvrige endringer i regelverket eller praktisering av regelverket som er forutsatt av Stortinget i forbindelse med behandling av Meld. St. 28 (2019-2020) Vindkraft på land (Vindkraftmeldingen) **inngår ikke** i de forslagene som foreslås i dette høringsnotatet*». Det vert ikkje forklart kvifor ikkje lovframlegget svarar på heile Stortingsvedtaket, kor tid resten av lov- og forskriftsarbeidet vil verta lagt fram, eller kva implikasjonar det lovarbeidet som no er på høyring kan få for dei tema som står att.

Vidare vert det vist til Hurdalsplattformen og at «behandling etter plan- og bygningslova skal fremme lokal aksept og forankring»

- Folk For Fjella hadde forventet at Regjeringa sitt framlegg svara ut alle punkta i Stortinget si oppfølging av St. 28 – vindkraft på land. Særleg alvorleg er det at ikkje Regjeringa følg opp punktet om at «bygging» også skal inn under plan- og bygningslova sine reglar – ikkje liggja under NVE knytt til konsesjonsprosessen. Folk For Fjella ser på dette som eit brott på Stortinget sitt vedtak og at regjeringa ikkje har levert på Stortingets vedtak.
- Folk For Fjella vil peika på at eit viktig argument for å få arealforvaltning av vindindustri attende til plan- og bygningslova var/er « å gje kommunane (plan)mynde til å seia NEI til å opna for vindkraft i den einskilde kommune.»

### **Kapittel 2:**

I kap. 2.2 går vert føremålet med lovframlegget gått gjennom.

Det er igjen oppsiktsvekkande at Regjeringa i hovudsak skriv om «prosessar for etablering av vindkraftanlegg på land» - og «nødvendig for å gi ... betre forankring av vindkraft lokalt og betre tilpassende løysningar». Det kan sjå ut som om Regjeringa har gløymt at så godt som alle norske kommunar har vore/er i mot å opna for vindindustri i sine kommunar. Ei viktig grunngeving for kampen for å få arealavklaring av vindkraft på land attende til plan- og bygningslova var sjølvstøtt å få ein reiskap og mynde til å hindra etablering av vindindustri i den einskilde kommune – dvs. ta frå NVE/ OED denne avgjerdskompetansen.

Det kan sjå ut som at Regjeringa føreset at kommunane kjem til å seia JA til vindindustri, medan dei fleste kommunar er på jakt etter ein reiskap til å seia NEI.

- Folk For Fjella understrekar at føremålet med Stortinget sitt vedtak var både å sikra betre prosessar der ein kommune eventuelt vil seia ja til vindindustri - men kanskje viktigast å gje kommunen som planmynde ein formell reiskap til å kunne stogga planar for vindindustri i eigen kommune.

- Folk For Fjella er oppteken av at om ein kommune vil setja av areal, så skal kommunen ha føringa og avgjerslemynde heilt inn til godkjent bygging. Ikkje bere på nivå til områdeplan som ikkje omfattar fullt ut detaljnivået som ei detaljregulering gir.
- NVE bør ikkje verta gjeve utvida mynde på nokon område knytt til dette endringsframlegget. Erfaringane med NVE sin sakshandsaming og vurderingar fram til 2021 – gjev ikkje grunnlag for å gje dei utvida tillit og mynde.

**Kapittel 3 og 4** omhandlar i hovudsak gjeldande lovverk og prosessar etter høvesvis Plan- og bygningslova og energilova. Folk For Fjella går i liten grad inn på dette her, men det er viktig lesnad for det dokumenterer godt dei «liberale særreglane» vindkraftsaker har vore handsama etter i eit NVE med «all makt».

Gjennomgangen i kapittel 4.2.5 dokumenterer kor mangelfull eksisterande praksis i konsesjonssaker etter energilova har vore. Heilt sentrale ting som detaljplanar og MTA-planar har blitt utarbeida ETTER at eit positivt konsesjonsvedtak har blitt fatta. Dvs. at heilt sentrale tema som plassering av internvegar, tal turbinar, plassering av turbinar, høgde på turbinar.

Ein slik praksis ønskjer Regjeringa å vidareføra ved at kommunane berre skal ha ansvar for setja yttergrensene for eit eventuelt planområde, medan det i etterkant er NVE som skal ha ansvar for det som i dag - vert avklara etter at konsesjon er gjeve. Det er jo ofte her konflikthar dukkar opp, og det er ofte her ålmenta for auga opp for konsekvensar av ei eventuell vindkraftutbygging. Regjeringa har i slike saker alltid peikt på at det er for seint med innvendingar etter at konsesjon er gjeve, dette pga. m.a faren for økonomiske søksmål.

Kapittelet gjer også greie for EU sine ulike direktiv og nokre av følgjane dei kan få. Sentralt her er «one-stop-shop» prinsippet - der få administrative (i EU) kontaktpunkt skal koordinera heile prosessen knytt til konsesjonssaker. Dette kan verta gjeldande EØS-rett.

Vidare vert det vist til fornybardirektivet og «Fitfor55» og «RepowerEU». Her er føremålet raskare utbygging av fornybar energi.

- Folk For Fjella meiner at før konsesjons vert gitt av energimynde må alle steg i PBL (kunnskaps innhenting, medverknad, høyring ..... ) vera gjennomført i kommunen med eit positivt sluttvedtak på reguleringsplan nivå.

### **Kapittel 6 – framlegg til lovendringar.**

Kapittel seks er underleg lesing. Det bryt med alt som ligg til grunn for resten av plan- og bygningslova. Kommunen er ansvarleg for HEILSKAPLEG planlegging OG bygging. Kommunen sikrar difor ein gjennomgåande planlegging gjennom overordna plan, detaljregulering og byggesak.

I kapittel seks, og seinare i høyringsnotatet, argumenterer Regjeringa for at kommunen ikkje treng å bry seg med noko anna enn dei heilt overordna arealavklaringane – dvs.. planområdet sine yttergrenser. Folk For Fjella undrast på kva som gjer at i så store arealinngrep som vindkraft – så skal ikkje kommunen meina noko om den konkrete planlegginga innanfor planområdet.

Det vert opna for at kommunen (aller nådigast ?) kan få fastsetja planbestemmelser om andre tilhøve som er relevante for kommunen si avgjerd om arealbruk for eit eventuelt vindkraftanlegg.

Nedst på side 33 står det klart; «Detaljane avklares i konsesjon med vilkår etter energiloven».

Det regjeringa skildrar som «detaljar» er etter Folk For Fjella sitt syn særst viktige planelement – dersom det skulle verta opna for vindkraft i ein kommune.

Døme på «detaljar» er m.a. ;

- Internveggar ( T.d. i eitt av planlagde prosjekt i Bjørn West-fjella – Hordavind – vil slike vegar åleine utgjera nærare 200 km høgstandard veg – i høgfjellet, delvis over 1000 m.o.h.
- Tal turbinar
- Plassering av turbinane.
- Dimensjonar på turbinane.
- Plassering av trafostasjonar, koblingsstasjonar og kabelgrøfter.
- Plassering og storleik på fyllingar og skjeringar.
- Avskjeringar i myr
- M.m.

I all anna arealplanlegging vil dette vera særst viktige tema for kommunen å ha kontroll på gjennom detaljregulering og byggesak.

Det er kort og greitt uhøyrst og useriøst det som er skriva av regjeringa i kapittel seks. Det bryt med all tradisjon i norsk areal- og naturforvaltning.

Samfunnsøkonomi – inntening – skal alltid vega tyngst.

Følgjande sitat bør skemma alle som trur at ein konsekvensutgreiing etter energilova i det heile skal kunne konkludera med at konsesjon ikkje skal vert gjeve fordi; tiltaket tvillaust er til meir ulempe enn nytte»:

«En samfunnsøkonomisk vurdering i konsesjonsbehandlingen innebærer at fordelene ved en vindkraftutbygging i form av verdien av kraftproduksjonen den vil gi, betydningen for kraftsystemet, samt eventuelle positive eksterne virkninger, avveies mot skader og ulemper av tiltaket. For å kunne få konsesjon må de samlede fordelene være større enn skader og ulemper. Det følger av Vindkraftmeldingen og tilleggsmeldingen til energimeldingen – Meld. St. 11 (2021-2022) – at grunnlaget for samfunnsøkonomiske vurderinger i konsesjonsbehandlingen skal styrkes» .

Gje NVE styringa med planprogram og konsekvensutgreiing etter pbl?

Dersom ein ser dette avsnittet i samanheng med den energikommisjonen sin konklusjon – «Meir av alt -raskere» - så er det klart at med NVE som «planmynde» på alt av detaljplanar der konfliktane vert avdekka – så vil det verta gjeve konsesjon i alle saker der kommunen har akseptert å vurdere vindkraft gjennom å setja yttergrensene for eit områderegulering.

Alt i neste avsnitt (s. 35) freistar regjeringa å flytta handa på rattet frå kommunen til NVE. Det vert gjort framlegg om at «NVE skal få eit utvida ansvar knytt til handsaming av planprogram og konsekvensutgreiing for områdeplanlegging. Her prøver altså regjeringa å «snikinnføra» kontrollen på planprosessen attende til NVE (OED)

## Framlegg om at NVE og fylkeskommunen kan utarbeida regional plan for vindkraft.

På side 35 vert det vist til at

- ✓ «NVE og fylkeskommunen har moglegheit til å samarbeide om å utarbeiding av ein regional plan som vert vedteken av fylkestinget, og som vert følgt opp gjennom kommunen sin arealplanlegging og konsesjonshandsaming».
- ✓ «Regional plan kan vera eit nyttig verktøy for overordna avklaring av kva område som kan eigna seg for vindkraftutbygging».
- ✓ Regionale planar er ikkje juridisk bindande, MEN SKAL verta lagt til grunn for regionale organ si verksemd og for KOMMUNAL og STATLEG planlegging og verksemd i regionen».
- ✓ Område for vindkraft i ein kommune kan verta sett av i plan «ut frå kommunen sitt eige initiativ, etter innspel frå utbyggjer, eller i område utpeika som eigna til vindkraftanlegg i regional plan».

Dette er vanskeleg å oppfatta summen av desse fire punkta på annan måte enn at Regjeringa ønskjer å kunne tvinga vindkraft på kommunane gjennom å få NVE og fylkeskommunen til å samarbeida om å vedta regionale planar for vindkraft.

## Avklaring i arealdelen til kommuneplanen?

Normalt vil ein kommune kunne avslå eit ønskje om planoppstart dersom føremålet i det omsøkte planarbeidet er i strid med overordna plan – her arealdelen til kommuneplanen.

I høyringsdokumentet formuler regjeringa følgjande: «Det vil ikkje vera eit krav at kommunen avklarar vindkraft gjennom kommuneplanprosessen før områderegulering vert gjennomført».

- Folk For Fjella krev at det i endeleg endringsvedtak vert tydeleggjort at det er heimel for ein kommune å kunne avvise oppstart av arbeid med områdeplan (også med føremål vindkraft) ved å visa til planstatus for det aktuelle området i arealdelen til kommuneplanen.

## Kva forvaltningsnivå skal ha ansvar for handsaming av klager etter høvesvis plan- og bygningslova og energilova?

Slik det er i dag vil olje- og energidepartementet ha ansvar handsaming av motsegn og klagar etter energilova. Tilsvarande vil Statsforaltaren ha ansvar for motsegn og klage etter plan- og bygningslova.

Regjeringa forslår ta frå Statsforvaltaren denne kompetansen og flytta avgjerda i saker etter plan- og bygningslova opp eit forvaltningsnivå til Kommunal- og distriktsdepartementet.

- Folk For Fjella vil sterkt rå frå å innføra ein annan praksis for handsaming av motsegn og klager i knytt til arealføremål vindkraft – enn det som gjeld for alle andre arealkategoriar. Folk For Fjella frykter at motivet for denne endringa er å ha kontroll på departementsnivå - slik at avgjerder i hovudsak vil gå til føremon for utbyggingsinteressene. Dette er ein gjennomgangstone i heile høyringsdokumentet. (t.d. avsnitt 3 på side 38 i høyringsdokumentet).

- I kapittel seks (siste avsnitt) inviterer regjeringa høyringsinstansane til spesifikt å svar på om NVE bør verta gjeve eit utvida ansvar knytt til handsaming av planprogram og konsekvensutgreiingar for områderegulering etter plan- og bygningslova.

Folk For Fjella er tydeleg på at slik utvida ansvar IKKJE må verta gjeve til NVE. Tilliten og omdømme til NVE er sær svekka etter det mange oppfattar som sær utbyggjarvenleg sakshandsaming og avgjerder fram til 2021.

### **Kapittel 7:**

Kapittel 7.2 første avsnitt er oppsiktsvekkande lesing. Der står det svart på kvitt at konsesjonshandsaminga skal bestå av ein heilskapleg «*samfunnsØKONOMISK avveging av alle føremoner og ulemper*».

Altså er dei økonomiske avvegingane som skal avgjera om det vert gjeve konsesjon eller ikkje. Her skal altså økonomisk målbare verdiar verta vurdert opp mot ikkje økonomisk målbare verdiar» (som t.d. følgjer for flora, fauna, friluftsliv, folkehelse m.m.). Med olje- og energiministeren sine ord – «Meir av alt – raskare» er dette eigentleg ein «carte blanche» for vindkraftinteressene dersom dei første har kome så langt at dei har fått lov å starta opp ein prosess med konsekvensutgreiing – KU.

I same avsnitt vert dette følgt opp med at planprosessen ikkje bør gjerast meir omfattande enn det som er naudsynt ut frå kommunen sine behov, og at «*detaljene avklares i konsesjon og etterfølgende detaljplan etter ENERGILOVEN* (altså styrt av NVE)

I avsnitt s. 40 skriv regjeringa: «*plassering av intervegar, turbinpunkter, maksimal installert effekt samleg og pr. turbin, antall og dimensjonar på turbiner og andre detaljer er ikkje å anse som «overordnede arealmessige forutsetninger» og behandles derfor i konsesjonen og ikkje i områdereguleringen*»

Tilfeldigvis medfører dette plan- og avgjerdsmynde då vert overført frå kommunestyret til konsesjonsavdelinga i NVE.

Grunngjevinga til regjeringa er at «*det er i konsesjonbehandlingen at den helhetlige samfunnsØKONOMISKE vurderinga av prosjektet blir foretatt*».

Så lenge økonomi og kraftforsyning skal vegast opp mot ikkje økonomisk verdisettable parametre – vil med dagens regime og politiske signal ALLTID økonomi trumfe – og konsesjon verta gjeve.

I første avsnitt side 41 skriv regjeringa:

«*Områderegulering kan utarbeidast utan at området er avklart i arealdel til kommune(del)plan, eller samtidig med denne. Planforslaget skal utredes som overordnet plan.... . Departementets vurdering er at det ikke er behov for ytterligere detaljregulering etter plan- og bygningsloven, når detaljene skal fassettes i konsesjonen..... Forslaget legger til rette for at planprosessen etter plan- og bygningsloven i større grad kan samordnes med konsesjonsprosessen etter ENERGILOVEN.*»

Igjen er dette oppsiktsvekkande. Her hevder regjeringa at det ikkje er trong for at kommunen som planmynde treng å bry seg med anna enn å fastsetja yttergrensene av planområdet, sidan NVE likevel skal avklara detaljplanlegginga gjennom konsesjonsprosessen etter energilova.



Det er Folk For Fjella heilt meiningslaust all den tid Plan- og bygningslova skal vera styrt av kommunen med Statsforvaltaren (kommunal- og distriktsdepartementet) som klageinstans – medan energilova vert forvalta av NVE med olje- og energidepartementet som klage/ankeinstans.

- Folk For Fjella minner om Stortinget sitt oppdrag:

«Stortinget ber regjeringen fremme forslag om å innlemme planlegging og bygging av vindkraftverk i plan- og bygningsloven»

Kapittel 7 framstår som ein samanhengande freistnad på "undergrave ei reell overføring av mynde og makt frå NVE (OED) til kommunestyra som planmynde.

Det framstår også som ein samanhengande misstillitsytring til kommunane som planmynde.

- Folk For Fjella meiner plan- og bygningslova må vera konsekvent og ha einsarta sakshandsaming for alle arealføremål.

### **Kapittel 9:**

Folk For Fjella sitt utgangspunkt er at det skal vera mogeleg å få NEI til ein konsesjonssøknad SJØLV om eit område er sett av til arealføremål vindkraft gjennom ein områderegulering. Dette bør i alle høve vera opplagt all den tid dei fleste potensielle konflikttema vil koma opp gjennom konsesjonsprosessen etter energilova (med påfølgande detaljplan og MTA-plan) og ikkje gjennom den overordna og skjematisk og enkle avklaring av yttergrenser for planområdet som regjeringa legg opp til at er kommunane sit einaste ansvarsområde.

Ansvarsfordelinga som regjeringa legg opp til mellom NVE og kommunestyra (som planmynde) medfører automatisk at særleg lite potensielle konflikttema vil vera avdekket og/eller avklart ved eit eventuelt kommunalt vedtak av områdeplan.

Sett i lys av dette vil det vera feil at kommunen ikkje kan endra planen i tidsrommet mellom områdeplan er vedteken og fram til eventuelt positivt konsesjonsvedtak. Eit positivt konsesjonsvedtak skal ikkje vera automatisk, og det er såleis ikkje grunnlag for at utbyggjar inngår bindande avtalar om investeringar. Det må i så fall vera på utbyggjar sin eigen risiko.

- Folk For Fjella krev at dersom det skal verta lagt avgrensingar på kommunen sin rett til å endra plan, må det avgrensast til å gjelda frå det tidspunktet konsesjon er gjeve og fram til første utbyggingsfrist.

### **Kapittel 10:**

I kapittel 10 kjem regjeringa med fleire framlegg (unntaksreglar) med føremål å la NVE overta/behalda styringa med fleire fasar i plan-/konsesjonsprosessen.

Det vert argumentert med trong for effektiv framdrift i saker knytt til vindkraftindustri. Dette trur Folk For Fjella mange – private, næringsliv og andre har argument for.

Det er såleis ingen god grunn til å innføra særreglar i plan- og bygningslova knytt til vindkraft.

## **Kapittel 12:**

I kapittel 12 trekkjer regjeringa fram «riset bak speilet». I siste avsnitt på s. 50 står det: « (statleg plan) ..vil således fungere som en sikkerhetsventil. Det kan for eksempel ikkje utelukkes at hensynet til regional eller nasjonal forsyningsikkerhet for kraft kan gjøre det aktuelt å gjennomføre planlegging av vindkraft som statlig plan».

Statleg plan er ein del av plan- og bygningslova sine verkemiddel. Dette er eit grep regjeringa ikkje bør vurderer brukt med bakgrunn i tillitskrisa som har oppstått mellom folk og forvaltninga (NVE /OED)

## **Kapittel 13.**

Med bakgrunn i høgsterett sin eintydige «Fosen-dom» og arbeidet med sannings- og forsoningskomiteen knytt til norske overgrep mot det samiske folk – bør det vera sterkare krav til samisk medverknad og avgjerdsmynde enn det som ligg i omgrepet – «konsultasjon». Det er eit intetsigende ord utan reelt innhald.

I 13.4 føreslår regjeringa at NVE kan stå for koordinering av eventuelle motsegner. Med bakgrunn i NVE (og OED) si handsaming av dei samiske interessene er tilliten her fråverande.

## **Kapittel 14.**

Som gjort greie for under kapittel 7 – meiner Folk For Fjella at Statsforvaltaren skal vera rette instans for å handsama motsegn/klager knytt til områderegulering til vindkraft. Dette vil vera i samsvar med alle andre arealføremål etter pbl.

## **Kapittel 16:**

Her gjer regjeringa det klart at dei eigentleg ikkje ønskjer ei overføring av planmynde til kommunane.

Formuleringar som:

*«Videreføring av dagens konsesjonsbehandling vil sikre at de samfunnsøkonomisk beste prosjektene kan realiseres og at hensynet til kraftsystem, forsyningsikkerhet og kraftbalanse og andre hensyn av nasjonal interesse knyttet til vindkraftutbygging, vurderes av energimyndighetene.»*

Her er føremålet i plan- og bygningslova ikkje nemnt – og kanskje ikkje kjent?

*«Det legges også opp til at NVE kan bistå kommunene i planbehandlingen. Dersom behandlingen av forslag til områderegulering koordineres med behandlingen av melding med forslag til konsekvensutredningsprogram for vindkraftverket etter energiloven, antas de ekstra administrative kostnadene områdereguleringen innebærer å være beskjedne.»*

Kapittel 17:

FFF viser her i hovudsak til uttale under dei einskilde kapittel.

- § 3-7 – ordet samråd vert bytta ut med «etter avtale» eller «etter delegert mynde frå» kommunen.
- § 12-18 – «Folk For Fjella krev at dersom det skal verta lagt avgrensingar på kommunen sin rett til å endra plan, må det avgrensast til å gjelda frå det tidspunktet konsesjon er gjeve og fram til første utbyggingsfrist».

I 10.2 vert det nytta to ulike omgrep i høve kva som skal til for at NVE skal kunne senda framlegg til områdeplan for vindkraft på høyring – ei oppgåve som ligg til kommunen som planmynde. Det vert både nytta «etter samråd med» og «etter avtale med» (s 47).

I endeleg lovtekst må det gå klårt fram at NVE berre kan ta på seg denne rolla dersom kommunen vedtek det. NVE må ikkje verta tildelt kompetanse til å avgjera dette sjølv.